

Rådmenn, økonomisjefar og kontrollutval
i kommunar som blir revidert av Nordhordland Revisjon IKS

Isdalstø, 19.10.2017

Orientering om fristar i årsoppgjeren

I samband med Norges kommunerevisorforbund sin kvalitetskontroll hjå Nordhordland Revisjon IKS i haust er det påpeika at det må skrivast revisjonsmelding seinast 15. april for alle kommunar. Dersom rekneskapsavlegging eller revisjon ikkje er avslutta på dette tidspunktet skal det skrivast negativ revisjonsmelding. Denne vil bli erstatta av ordinær revisjonsmelding når årsrekneskap og revisjon er ferdigstilt.

Kommunen sine fristar innan dette området er omtalt i Forskrift om årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner § 10. Årsrekneskap skal vera avgjort 15. februar og årsmelding innan 31. mars. Kommunestyret må vedta årsrekneskap og årsmelding seinast 6 månader etter utgangen av rekneskapsåret, d.v.s. seinast 30. juni.

Revisjonen sin frist for revisjonsmelding framgår av Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv. § 5. Revisjonsmelding skal vera avgjort utan unødig opphald og seinast 15. april.

Revisjonen vil strekkje seg så langt det er mulig for å bli ferdig med revisjonsarbeidet innan 15. april og dermed kunne avgj ordinær revisjonsmelding på dette tidspunktet. Då vårt arbeid byggjer på kommunen sin avgjorte rekneskap, vil dette likevel avhenge av kor tid kommunen har ferdigstilt årsrekneskap og årsmelding. Vi vil difor informere om at årsrekneskap som er avgjort etter 15. februar eller årsmelding som er avgjort etter 31. mars vil kunne medføre at revisjonsarbeidet ikkje er avslutta 15. april og vi må då skrive ein negativ revisjonsmelding på dette tidspunktet.

Eit avgjort årsrekneskap inneber at kommunen er ferdig med sitt arbeid. Alle rekneskapsoppstillingar, notar og underliggende dokumentasjon er då ferdigstilt og gjort tilgjengeleg for revisjonen. Tidpunktet for avgjort rekneskap vil vera når rådmann eller økonomisjef sender årsrekneskapen til revisor med stadfesting på at den er avgjort frå kommunen si side. Dette gjeld og årsmeldinga.

Som støtte til arbeidet med å organisere prosessen og dokumentere årsrekneskapen vil vi arrangere ein fagdag i november der både dokumentasjon og prosess er tema. Vi håpar dette kan bidra til kompetansebygging for dei som arbeider med årsrekneskapen og at det kan gi grunnlag for felles forståelse av krav og ei effektiv gjennomføring av prosessen. Vi oppmodar til at flest mogeleg av dei som er involvert i arbeidet med årsrekneskapen deltek. Invitasjon til fagdagen er vedlagt.

Med venleg helsing
Nordhordland Revisjon IKS


Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef